



Statens vegvesen

Sandra Waage

Behandlande eining:
Region vest

Sakshandsamar/telefon:
Odd Høydalsvik / 55516377

Vår referanse:
19/313413-5

Dykkar referanse:

Vår dato:
09.12.2019

Svar på søknad om dispensasjon frå byggegrensa til riksveg E39 for tiltak på eigedomen gnr. 188, bnr. 592 i Lindås kommune. kommune

Vi viser til Dykkar tilbakemelding av 27.11.2019 med opplysningar om at eigedomen er regulert gjennom reguleringsplanen Felt E Såta i Lindås kommune.

Det har vore kontakt mellom Statens vegvesen og Lindås kommune sidan sommaren 2019 med spørsmål om støyskjerm mellom riksveg E39 og Storhaugen bufellesskap. Det var først ynskje om plassering av støyskjermen mellom riksvegen og den kommunale vegen framfor bufellesskapet men dette kunne ikkje Statens vegvesen tillate. Det vert då sendt e-post den 25.08.2019 der dette vart formidla til Lindås kommune.

Det vart så sendt ny søknad om dispensasjon frå byggegrensa til riksveg E39 den 30.10.2019 der støyskjermen var plassert mellom den kommunale vegen langs sørsida av riksveg E39 og bustadane på eigedomen gnr. 188, bnr. 592 i Knarvik.

Det vart i denne søknaden opplyst at eigedomen ikkje var regulert, men på førespurnad i e-post frå Tone Bøyum den 26.11.2019 vart det opplyst frå Lindås kommune den 27.11.2019 at eigedomen var regulert.

Med dette som bakgrunn er det Lindås kommune som reguleringsmynde som skal handsame søknaden om dispensasjon frå byggegrensa til riksveg E39 etter plan- og bygningslova.

Statens vegvesen har vurdert søknaden om dispensasjon frå byggegrensa til riksveg E39 i ein avstand på 14 meter frå senterlinja på riksvegen. Ut frå tilgjengelege kart i målestokk 1:1000 finn vi at dersom støyskjermen skal kunne setjast opp på eigen eigedom må avstanden til senterlinja på riksveg E39 vere minimum 16 meter og ikkje 14 meter som det er søkt om.

Postadresse
Statens vegvesen
Region vest
Postboks 43
6861 LEIKANGER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost-vest@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Nygårdsgaten 112
5008 BERGEN

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Regnskap
Postboks 702
9815 Vadsø

Med bakgrunn i dette forholdet kan Statens vegvesen akseptere at det vert bygd støyskjerm på eigedomen i ein avstand på minimum 16 meter til senterlinja på riksveg E39.

Plan og forvaltning Bergen
Med helsing

Kari Elster Moen
Senioringeniør

Odd Høydalsvik

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi
HORDALAND FYLKESKOMMUNE, Postboks 7900, 5020 BERGEN
KNUT WILLIE JACOBSEN, Garvik, 5912 SEIM